



Verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane

Regjeringa har i Statsråd 19.06.2009 vedteke verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane. Verneplanen omfattar 13 naturreservat i 11 kommunar. Til saman utgjer reservata eit areal på ca. 12 km².

Gjennomføringa av verneplanen er ei oppfølging av St.meld. nr. 68 (1980-81) om vern av norsk natur. Målsetjinga med verneplanen er å sikre eit representativt utval av edellauvskogområde som er verneverdige i regional eller nasjonal samanheng. Edellauvskogstypene i Sogn og Fjordane viser stor variasjon og planen søkjer å dekke opp dette. Verneverdiane knytte til edellauvskog femnar både om dei mange artsgruppene (virveldyr, insekt, sopp, mosar, karplantar m.fl.) og artssamfunna, og den naturlege dynamikken i desse naturtypene, der samspelet mellom klima, jordsmonn og organismar er viktig. Då berre ein liten del av artsmangfaldet er kjent og kartlagt, er mykje av fokuset i vernearbeidet retta mot å sikre spekteret av naturtypar.



Rønset naturreservat i Hyllestad kommune. Foto: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Verneplanen representerer eit godt representativt bilete av den varierte edellauvskogen i fylket. I



Lind med lungenever i Ytamo naturreservat i Luster kommune. Foto: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

den eine enden av skalaen ligg edellauvskog i Lærdal, dominert av sommarvarme-elskande, ofte tørkesterke planteartar som toler mykje vinterkulde. I den andre enden ligg edellauvskog på øyane ytst på kysten, med plantar som krev milde vintrar men ikkje set så høge krav til sommarvarme.

Dei vesentlegaste grunneigarinteressene i områda er knytte til skogbruk og beite. I fleire av områda er det plantefelt med gran. Dette vil bli ei stor utfordring for forvaltingsstyresmakta, og dei må relativt raskt ta stilling til forvaltning og skjøtsel knytt til dette. I dei fleste områda er skogbruk knytt til vedhogst og uttak av vyrke av ulike treslag. I alle områda er grunneigarinteressene delvis kome i møte ved at vedhogst kan tillatast etter søknad.

I naturreservata er alt plante- og dyreliv freda. Vidare skal det ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet som til dømes nye tekniske inngrep, hogst og forureining. Vernereglane er i liten grad til hinder for tradisjonelt beite, allmenn ferdsel og enkelt friluftsliv, jakt og fiske, og vedlikehald av tekniske anlegg og bygningar.